

# DET·NORSKE·TEATRET


Nå som før
SILKEHUSET
ØVRE SLOTTSGT. 11

6159 113693



# Bleikeplassen

Skodespel i 3 akter

av

*Tarjei Vesaas*

Regi og dekor: *Arne Walentin*


Barne — Brude — Gruppe — Selskaps

Portrett, Teknisk — **foto**

Fotograf *Arve Halvorsen*



Østgaardsgt. 10. — inng. Vogtsgt. — Telef. 37 40 64


Det Norske Teatrets reklame arrangeres av Repress Reklamebyrå. 




A.S ASKIM GUMMIVAREFABRIK



*Tarjei Vesaas*


KONG HAAKON
KONFEKT
FREIA - OSLO
En glede å gi -
en glede å få

# Tarjei Vesaas.

Det var ein stillfarande og smålåten mann som i vår brått steig fram i rampelyset i Venezia, der den siste novellesamlinga hans vart utpeikt som Europas beste bok. For nordiske lesarar var det ingen sensasjon at Tarjei *Vesaas* vann prisen, berre rett og rimeleg. Men eg las kommentarar i franske blad: vinnaren var ein ukjend nordmann, stod det, som minte om Kafka. Og no måtte franske forlag sjå til å skaffe seg romanane hans og få dei omsette.

Av alle både heime og ute tok visst Vesaas sjølv det heile med den mest knusande ro. Og han har råd til å ta slikt med ro; han er så rik i seg sjølv at han ikkje treng nokon reklame. Utan å sjå til høgre eller venstre etter applaus og lovord har han som kunstnar gått sin eigen originale veg, mesta svevngangarvori kan det sjå ut til, trass i all dristig stileksperimentering som har gjort han til den kanskje mest modernistiske forfattar vi har. Gradvis har han vunni terreng i Norderlanda og skapt seg ein trygg posisjon som ein av Skandinavias aller finaste diktarar i vår tid.

Men nokon lettvinn veg har det så visst ikkje vori. Som den artisten han er skriv han om att og om att same linene, han *slit* med å få uttrykket så presist og så suggestivt som berre mogeleg. Men denne knappe suggestionsteknikken hans set *og* store krav til innleving og fantasi hos dei som les. Det er kanskje av *den* grunn at det alltid har stått strid, og at det framleis står strid om diktinga hans. Det er ei dikting som set lesarane i to skarpt avskilde kategoriar: dei som mesta ligg på kne for han og dyrkar han for den måten han gjer livet deira rikare på, og dei som ikkje finn nykelen til hans verd og blir ståande utanfor. Til dei som har ein ærleg vilje til å oppleva denne diktinga, men likevel synest den er eit stengt og utilgjengeleg rike, vil eg gje dette rådet: legg førebels bort dei store, symbolske romanane og les novellesamlinga «Vindane». Der møter ein Vesaas på eit meir «realistisk» plan enn i etterkrigsromanane, men *og* Vesaas på hans beste som stilkunstnar, som poet og psykolog.

Framhald side 15

**Revolusjon i klaverspillet**

**Touch-systemet**

den nye treningsmåten som gir avslapping og ro — sikkerhet og bevisst viten. Sprikende fingrer, panikkfylte øyne, som vimser opp og ned fra klaver til noter, slurvespill og diletantisme — Touch-systemet utelukker disse ting.

MIMI SÆTHER'S KLAVERSKOLE

GABELSGATE 3 — OSLO — TELEFON 44 24 31

# TARJEI VESAAS

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Bleikeplassen (roman) ............. | kr. | 8,45 | innb. | kr. | 10,90 |
| Huset i mørkret (roman). 2. opplag | » | 10,40 | » | » | 12,90 |
| Signalet (roman) .................. | » | 12,50 | » | » | 16,20 |
| Tårnet (roman) .................... | » | 12,50 | » | » | 15,60 |
| Dei svarte hestane (roman) ........ | » | 2,85 | » | » | 4,85 |
| Kjeldene (dikt) ................... | » | 4,45 | | | |
| Leiken og lynet (dikt) ............ | » | 7,80 | | | |
| Lykka for ferdesmenn (dikt) ...... | » | 8,85 | | | |
| Morgonvinden (skodespel) .......... | » | 8,80 | | | |
| Vindane (noveller). 4. opplag ..... | » | 19,50 | » | » | 23,50 |

**GYLDENDAL NORSK FORLAG**

*automobiler for all transport*




**Austin A40 Somerset**

**ERIK B. WINTER STORTINGSGT. 20**

## For barn og voksne.

*Avslapning, pusteøvelser, stemmebruk, opplesning, talefeil.*

**Asbjørg Dahl Elvestrand**

*Diplomert og legeanbefalt talepedagog*

Schweigaardsgt. 48 b. I - Telefon 68 56 99




Arne Walentin



Johan Norlund


## *Vil De*

at Deres barn skal leke med **dukker og teddybjørner i cowboydrakter** etc. av høyeste kvalitet?

*Spør da etter produkter fra*

*Den Norske Dukkefabrikk*

Drøbak

*Varemerket forplikter og garanterer*

*Lille venn*

# *Bleikep*

*Skodespel i 3 akter a*

*Regi og dekor: A r*

*Dei som spelar:*

Johan Tander ..............................

Krister ..............................

Jan ..............................

Amund ..............................

Stein ..............................

Elise ..............................

Vera ..............................

Anna ..............................

Marte ..............................

10 min. pau

*Og så - -*
*går vi på*

**FRASCATI**

*plassen*

*av Tarjei Vesaas*

*rne Walentin*

| | |
|---|---|
| ................................ | *Johan Norlund* |
| ................................ | *Lars Tvinde* |
| ................................ | *Pål Bucher Skjønberg* |
| ................................ | *Alf Ramsøy* |
| ................................ | *Torbjørn Lein* |
| ................................ | *Tordis Maurstad* |
| ................................ | *Else-Marie Toms* |
| ................................ | *Elisabeth Bang* |
| ................................ | *Henny Skjønberg* |

ause etter 2. akt.

FRASCATI

*Et hyggelig sted*
*Åpent til kl. 1*



Støtt Redningsskøytene

**Redningsskøytenes arbeid 1952.**

**43 mennesker ble reddet fra den visse død, 3206 mennesker ble hjulpet på sjøen, 745 større og mindre fartøyer ble berget, innslept, assistert eller veiledet til los, 93 syke ble transportert til sykehus.**

**Norsk Selskap til Skibbrudnes Redning. (Redningsselskapet.) Nedre Vollgt. 3, Oslo**



*Lars Tvinde*



*Tordis Maurstad*



ANNA SKULLERUD

**Storgaten 2**

*Spesialforretning i damehatter*


Hoffkledd
er velkledd ...
O.L. HOFF A/S
TOSTRUPGÅRDEN KARL JOHANS GT. 25



LIVSTRYGDING
**ANDVAKE**



Slå ring om

«Braatens Bunad»

**ENEFORHANDLER**

# KNUT BRAATEN

**Akersgaten 73 b — Oslo — Telefon 330120**

**ALT I SKO**



*Elisabeth Bang*



*Pål Bucher Skjønberg*



*Henny Skjønberg*

Framhald frå side 7.

Det som gjer han til stor kunstnar finn ein her: ei mesta fysisk sanseoppleving av natur, og serleg av dei minste detaljane. Vidare ei sjeldsynt evne til å bruke knappe, suggestive naturbilete som uttrykk for sinnsoppleving. Og når det gjeld alle reint menneskelege ting: ei observasjonsevne så lydvar og gjennom-lysande at det blir *verkeleg* djupperspektiv i all hans menneskeskildring. Ikkje minst kjenner han dei unge og dei yngste — eg kan berre nemne dei siste høyrespela hans, som i novelleform er med i «Vindane».

På det ytre planet skjer det oftast lite i desse novellene, som i all hans dikting, men ein har likevel heile tida ei kjensle av at det skjer veldige og avgjerande ting. Den korthogne stilen får pausane til å stå dirrande fulle av intens spaning — det er denne lågmælte, latente dramatikken i dialogen som mellom anna gjer Vesaas til ein slik suveren høyrespelforfattar, og også hans heilt uvanlege evne til å gje kvardagsord poetisk kvalitet og å gje ein kvardagssituasjon perspektiv og symbolsk innhald utan å drive symbolikken så langt at personane blir abstrakte talerøyr.

Framhald side 17.

**Kunstklinkeriet PERFEKT**

*Atelier for*
*restaurering av kunst - Antikviteter*
*Porselen - Keramikk - Lervarer m. v.*

Hegdehaugsvn. 29 IV - Telefon 46 35 36 - Forretningstid kl. 9-16. (Lørdag stengt).

# NATIONEN

Landmandspostens Dagutgave

*Hovedorgan for Norges Bondestand*

Kr. 15,— pr. kvartal
» 5,— » mnd.

# C. L. AUGUSTSON A.s

*Maridalsvn. 8, Oslo. Tlf. 41 22 73, 41 41 67*

*Speilfabrikk og glass-sliperi*

Patent: «Idealspeilet»

*Fornuftig vedlikehald er lønsamt,*
*og gjer heim og arbeidsstad fager og uneleg.*
*Eg har fyrebils einesalet av den mønsterverna TO-taburetten.*

Målarmeister
# A. DOLVE

Lofthusveien 37, Grefsen — Telefon 37 11 15 - 37 52 55.

# Kr. Harildstad A/s

St. Olavsgt. 23 — inng. Pilestredet

De finner de beste merker i parfymer og kosmetikk hos oss. Godt utvalg i bijouterivarer og toilettartikler. Rimelige priser.

Framhald frå side 15.

Det har vorti sagt, kanskje med ein viss rett, at han i dei siste to romanane sine har gått vel langt i retning av symbolikk og abstraksjon. Men i «Bleikeplassen», etter mitt syn hans sentrale verk ved sida av «Kimen», er symbolikk og menneskeskildring vovne organisk saman, slik at denne romanen i det *store* format maktar det same som fleire av novellene i det mindre: tida gjev ein menneskeleg kvardagssituasjon perspektiv langt ut over døgret på bleikjeplassen og i vaskehuset. Her, som mest alle stader hos Vesaas, er mørke uhyggelege ting i gang, utøymde lidenskapar og krefter arbeider og arbeider, og skapar eit press som trugar med å sprengje alle demningar og blåse ut det vesle blakrande forstandslyset. Men Tander går gjennom ein skiringsprosess og finn fred før han døyr. Dei skitne kleda som blir vaska og hengde på snor, angande kvite og reine, er eit sentralt symbol i romanen, ja i grunnen hos Vesaas i det heile.

Og dei ordplagg vi brukar til kvardags, går hos Vesaas gjennom ein skiringsprosess, dei og. Det er dei same orda, men dei angar *reint* gjennom all hans dikting, for di han har greidd å fylle dei med deira opphavlege, spontane innhald: i *hans* munn blir orda på nytt *ting* og magiske teikn, ikkje ord.

Vesaas har alltid hatt hug til å skrive for teatret. Og ein kan forstå *det:* alt han set på papiret har dramatisk nerve. Fleire av romanane har då *og* vori skodespel i sin fyrste versjon, det gjeld til dømes «Kimen», «Bleikeplassen» og «Signalet». Skodespelet som låg til grunn for romanen «Bleikeplassen», heitte «Vaskehuset», men den versjonen Det Norske Teatret spelar i kveld er ei seinare dramatisering av romanen. Så får publikum sjølv avgjera om Vesaas og teatret har greidd å gje den rike romanen scenisk liv.

*T. S.*

*Kaffeforretningen Valkyrien A/S*

Kirkeveien 59, (Vinkelgården)

**Her i vår forretning**

**får De byens beste kaffe.**

**Nybrent hver dag.**

**Fr. Sudmann**

Lille Grensen 1
Telefon 33 37 49

FARVEHANDEL

***Når De maling og lakk eller lys skal kjøpe,***
***bør De Sudmann i Grensen besøke.***



*Alf Ramsøy*



*Torbjørn Lein*



*Else-Marie Toms*

*Vi har prenta for DET NORSKE TEATRET i 40 år.*

JOHANSEN & NIELSEN BOKTRYKKERI

Pilestredet 45 b, Oslo    Telefon: 46 14 93, 46 26 92 og 46 75 42




O. Kavli's a/s

Norske Meieriers Salgssentral

Bredgt. 10 Sentralb. 68 18 86

Norges Bondelag

Kronprinsensgt. 9

Sentralbord 33 23 85

Norges Kjøtt- og Fleskesentral

Schweigaardsgate 2 (Kjøtthallen)

Inngang Grønlands torv Sentralbord 68 35 00

Landbrukets Sentralforbund

Kronpr.gt. 9 IV Tlf. 33 23 85

WILFA

stövsugere

kjent blant de beste

Nerdrum & Thorkildsen

BOKBINDERI

PARTIARBEIDE — PRIVATARBEIDE

Akersgt. 7 — OSLO — Telefon 42 01 70

Repress Reklamebyrå, Oslo. Johansen & Nielsen, Oslo.


Den nye linje
MAGASIN DU NORD A·S